



## Referat FAU-møte 09.01.24

### Tilstades:

Grete Gerritsen, Maiken Grannes, Elena M Sikveland, Serina F Sikveland, Ailin Skårland, Øyvind Søyland, Knut Undheim.

### Godkjenning av innkalling og referat:

Nedprioritert.

### Sak 13/23 Ekstraordinær skulesituasjon

Som dei fleste lesarar av referatet vil veta, har siste halvår ved Undheim skule vore prega av mykje sjukefråvær og omskiftelege forhold på lærarsida. Frustrasjon har vore melodien på fleire nivå – elevar, foreldre, lærarar, skuleleiing. Siste utvikling er at rektor har søkt seg til Hå, adelingisleiar på mellomtrinnet er allereie på veg til Bryne. Ein gjennomgang av denne komplekse materien vart prioritert framfor andre saker på dette FAU-møtet - grovt resymè følgjer;

### Bekymringar

- Ressursmangel: FAU sit med inntrykk av kronisk underskot på ressursar både til administrasjon og ute i klassane, særleg til spesialpedagogikk. Har skuleleiinga vore tydelege nok overfor kommuneadministrasjonen om behova? Har skulekontoret forstått Alvoret? Er strupinga av skulen bevisst politikk frå kommunestyresalen? Dette er mellom spørsmåla som FAU vil forfylgja vidare.
- Informasjon frå skulen: Mange foreldre saknar meir tydeleg informasjon om utfordringane lærarane og skuleleiinga står i – både generelt og når det gjeld tilbakemelding til heimane om enkeltelevar. Korleis opplever skulen kommunikasjonen med frustrerte foreldre? Personalet beskriv godt miljø og samarbeid internt, dei er flinke til å rosa elevane utad, så kor er det skoen trykker – eigentleg?
- Manglande utviklingssamtalar: Enkelte klassar har ikkje hatt regelmessige utviklingssamtalar på fleire år. Kvifor er ikkje dette prioritert og/eller i det minste meldt som avvik?
- Skyssfrustrasjonar: Ressurskrevande på fleire nivå.

### Foreløpig vidare plan frå FAU si side:

- Dialogmøte 10.01.24 med skulesjef/kommunalsjef for tenesteområde oppvekst Pamela Sudmann samt Pål Undheim og Nils Martin Sikveland frå politisk hald. Grete Gerritsen deltek frå FAU Undheim. Ein vil mellom anna leggja fram bekymringar og idèar frå FAU-møtet.
- Nytt ekstra FAU-møte ons 17.01. kl 19 for vidare oppfylgjing av sakskomplekset.
- Ordinært planlagt FAU-møte tys 23.01.24 i lag med rektor.

- Foreldremøte ila jan-24 der ein prøver å engasjera foreldregruppene med konkrete spørsmål (forslagsvis) som kan drøftast i mindre grupper:
  - o Kva syns du fungerer bra ved skulen?
  - o Kva meiner du er dei viktigaste forbedringspunkta for skulen?
  - o Korleis kan foreldre bidra til ein betre skulesituasjon på Undheim?

### *Idèar og innspel frå FAU*

- Kan FAU spela meir sentral rolle som bindeledd mellom foreldra og skulen t.d. når det gjeld tilbakemeldingar/frustrasjonar?
- Risiko- og sårbarhetsanalyse i FAU-regi for meir systematisk gjennomgang av utfordringar og mulige tiltak.
- Kan Undheim skule ha regelmessige møtepunkt med andre små skular i distriktet der ein samsnakkar om felles utfordringar? Dette vil bidra til utvida fagmiljø.
- Reoppstart av kommunale FAU-møte. Skulesjefen har i det siste ikkje prioritert dette då ho òg fungerer i stillinga som kommunalsjef for oppvekst.
- Forslag om å styrka administrasjonen til dømes med kommunikasjonsrådgjevar som forhåpentleg vil avlasta skuleleiinga betydeleg. *Skuleeigar gjorde elles eit tiltak allereie før jul når det gjeld styrking av administrasjonen. Stillingsinstruksen for avdelingsleiar er i ny utlysing oppjustert frå 30-80% administrative oppgåver.*
- Gjera Undheim skule attraktiv for lærarar vha 'frynsegoder' frå bygda si side – her set berre fantasien grenser.

Alt for å rekruttera og behalda gode lærarar over tid!

### **Sak 11/23 Skjermbruk/digital undervisning**

FAU utset grundigare gjennomgang på dette feltet, men tek sikte på å bidra til utarbeiding av kjørereglar for skjermbruk ved skulen inkl. SFO.

Ein har inntrykk av at fleire foreldre er positive til at iPad i minst mulig grad vert med heim.

### **Sak 14/23 SFO**

Gjennomgang av tilbakemeldingar frå foreldre, ris og ros.

Innspel om mindre skjerm, meir fysisk aktivitet, t.d. i håndballhallen.

Ta atferdsutfordringar opp direkte med dei det gjeld, i mindre grad i generelle vendingar via fellesmeldingar.

FAU vil ha vidare fokus på innhaldet i SFO.

Referent Knut Undheim, sekretær FAU